



Ål kommune

3570 ÅL

Vår dato: 09.08.2023

Vår ref.: 202118625-12 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Uttak av grunnvatn ved Torpo, Ål kommune, - tiltaket er vurdert ikkje konsesjonspliktig

Vi syner til melding av 25.11.2021 om uttak av grunnvatn ved Torpo i Ål kommune, Viken.

Grunnvassuttak over 100 m³/døgn skal meldast til NVE for ei vurdering av konsesjonsplikt. NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga avgjere om utbygginga medfører slike skader eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 45.

Orientering om tiltaket

Ål kommune har etablert ein grunnvassbrønn ved g./b.nr. 10/23 ved Torpo, Ål kommune i Viken. Brønnen skal brukast som reservebrønn til eksisterande uttak av drikkevatn. Det er planlagt eit maksimalt uttak frå brønnen på 288 m³/døgn eller 3,4 l/s. Gjennomsnittleg vassuttak vil vere 100 m³/døgn når brønnen er i bruk. Brønnen vil vere i bruk ein dag i månaden for å oppretthalde funksjon, og elles ved behov som reservevasskjelde.

Søkar vurderer at grunnvatnet i hovudsak er indusert frå Hallingdalselva og at vassnivået i brønnen varierer med vasstandsendringar i elva. Dei opplyser om at det er prøvepumpa i over eitt år, og at det då ikkje vart registrert nedgang i nivå på grunnvatn eller i elva.

Brønnen er ein borebrønn i lausmassar. Den er 9 m djup med ein diameter på 134 mm. Brønntoppen er heva 1 m over grunn for flaumsikring dimensjonert for 200-års flaum, og det er bygd eit om lag 4 m² brønnhus over brønnen.

Området der brønnen er plassert er i bruk til beite for storfe, dette er ikkje til hinder for uttak av grunnvatn. Det er planlagt å legge inn ei sikringssone rundt brønnen i revidert arealdel av kommuneplanen. Kommunen har avtale med grunneigar.



Hovuddata for grunnvassuttaket

Tilsig nærliggande vassdrag		Hallingdalselva	
Nedbørfelt	km ²	2164	
Middelavrenning	l/s	61 025	
Alminneleg lågvassføring	l/s	3679	
Tilsigsområde grunnvassbrønn			
Nedbørfelt	km ²	3,3	
Berekna middelavrenning nedbørfelt frå samanliknbart nedbørfelt	l/s/km ²	12,0	3421 m ³ /døgn
Berekna alminneleg lågvassføring frå samanliknbart nedbørfelt	l/s/km ²	0,4	
Sommarnedbør	mm	299	
Vinternedbør	mm	253	
Grunnvassuttak		Reservebrønn	Hovudbrønn
Maksimalt uttak	m ³ /døgn	288	288
Gjennomsnittleg uttak ved bruk	m ³ /døgn	100	100
Årleg uttak	m ³	1200	36 500
Antall brønnar	stk.	1	1
Antall undersøkingsbrønnar/peilebrønnar	stk.	0	0

Høyring

Meldinga er sendt Ål kommune, Viken fylkeskommune, Statsforvaltaren i Oslo og Viken, Mattilsynet og Norges geologiske undersøkelse på høyring. Dette vert rekna som tilstrekkeleg for meldingar. NVE har motteke følgjande uttalar:

Mattilsynet uttalte i brev av 30.08.2022:

Mattilsynet er ikke kjent med at det finnes private drikkevannskilder i området som kan bli påvirket av tiltaket.

Viken fylkeskommune uttalte i brev av 31.08.2022:

Vannmiljø

Regional plan for vannforvaltning har fastsatt mål for vannmiljøet i alle vannforekomstene i vannregionen. Vi forutsetter at det gjøres en konkret vurdering av om tiltaket vil kunne påvirke måloppnåelsen, jfr. vannforskriftens §§ 4 og 6 om miljømål og §12 om ny aktivitet eller nye inngrep.

Kulturminner og kulturmiljø

Ingen spesielle merknader.



NVE si vurdering

Ei konsesjonspliktavurdering er ei enkel førehandsvurdering av om tiltaket kan vere til ulempe for allmenne interesser knytt til vassdraget. Fordelar med tiltaket er ikkje ein del av vurderinga.

Hydrologi

For å kunne vurdere effekten av grunnvassuttaket har NVE vurdert hydrologiske opplysningar og vurderingar vedlagt i meldinga. NVE har også gjort egne berekningar basert på data frå NEVINA.

Søknaden viser resultat frå prøvedrift av brønnen i perioden 09.09.2021 til 27.09.2021 med uttak av 4,7 – 11,9 m³/time. Søkar opplyser også at det er prøvepumpa over eitt år i både flaum- og tørkeperiodar med uttak av opp til 12 m³/t, men at dei ikkje har resultata frå dette utover at grunnvassnivå ikkje vart senka. NVE føreset at desse opplysningane er riktige.

For å kunne estimere middelavrenning og tilsig frå nedbørfeltet til grunnvassbrønnen har NVE teke utgangspunkt i eit nærliggande vassdrag med tilnærma like felteigenskapar. Dette gjev eit estimert tilsig på 3421 m³/døgn. Eit gjennomsnittleg uttak på 100 m³/døgn utgjer 2,9 % av tilsiget i nedbørfeltet. Dersom heile uttaket kjem frå induisert grunnvassdanning utgjer eit gjennomsnittleg uttak på 100 m³/døgn omtrent 0,002 % av middelvassføring og 0,03 % av alminneleg lågvassføring i Hallingdalselva. Dette er statistisk berekna verdiar, men gjev eit bilde av at storleiken på uttaket er liten uavhengig av forholdet mellom induisert grunnvassdanning frå Hallingdalselva og tilsig frå grunnvassbrønnen sitt nedbørfelt.

Vassforskrifta

Hallingdalselva har vassførekomst-ID 012-3147-R og er registrert i Vann-nett med god økologisk miljøtilstand og udefinert kjemisk tilstand. Førekomsten er i hovudsak påverka av hydrologiske endringar ved regulering i samband med vasskraft, samt diffus avrenning frå jordbruk og spreidd busetnad. Grunnvassførekomsten har vassførekomst-ID 012-829-G og er registrert med god kvantitativ og kjemisk tilstand.

Allmenne interesser

NVE har den 13.07.2023 søkt i databasar som Naturbase, Artskart og Kulturminnesøk utan å finne registreringar av verdifulle naturtypar, raudlista artar, kulturminne eller andre allmenne interesser innanfor brønn- og tilførselsområdet.

Oppsummering

Grunnvassuttaket er lite og vil ikkje påverke vassføring i Hallingdalselva eller grunnvassførekomsten.. Ut i frå tilgjengelege opplysningar vurderer NVE at tiltaket ikkje vil føre til nemneverdige skader eller ulemper for allmenne interesser.



NVE sitt vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 45.

Vedtaket legg til grunn at tiltaket vert gjennomført i samsvar med planane som er lagt fram. Dersom planane vert endra, bør tiltaket vurderast på nytt. Iverksetting av konsesjonspliktig tiltak utan naudsynt konsesjon er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi gjer merksam på at sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, gjeld regelen i vassressurslova § 5 om aktsemd og vassressurslova § 41 om nedlegging av vassdragsanlegg.

Dette vedtaket er gyldig i tre år. NVE anbefaler at saka vert lagt fram for NVE for ny vurdering dersom det er ønskje om å realisere tiltaket etter dette tidsrommet.

Vidare sakshandsaming

NVE sin konklusjon bygger på dei opplysningane som er gjevne i meldinga av 25.11.2021. Ved endringar i planane bør ein sende ny melding, slik at NVE kan vurdere konsesjonsplikta på nytt.

Vi understrekar at dette vedtaket ikkje gjev løyve til bygging. Kommunen som tiltakshavar må sjølv avklare saka etter anna relevant lovverk og med andre relevante myndigheiter.

Vidare gjer vi merksam på at tiltakshavar sjølv må avklare tilhøva til dei private interessene som tiltaket eventuelt kan gje følgjer for. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

Ål kommune

Kopimottakarliste:



Svein Furuhaug

Mattilsynet

STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN

VIKEN FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.